

## Ordførar

Eg heiter Renathe Vik, og eg er her for å snakka om oppveksttun på Stamnes. Eg er mamma til Anna på 2 år, som no har gått i Stamnes barnehage i eitt år. Og eg må berre starte med å seie at eg er utruleg fornøgd med barnehagertilbodet på Stamnes slik det er i dag. Og eg kan sjølvsagt ikkje nekta på at eg skulle ønska at det framleis kunne få vere slik.

I den økonomiske situasjonen som kommunen er i i dag forstår eg at dette ikkje er eit alternativ lenger. Det har vore ein stor omstillingsprosess for oss foreldre å innsjå at me ikkje får ha barnehagen vår lenger. Men etter alt arbeidet som har blitt lagt ned i å utarbeida planane om oppveksttun, har me foreldre no fått tid til å omstilla oss. Og i dag er me ei samla foreldregruppe i heile barnehagen som ønskjer eit oppveksttun på Stamnes. Derfor håpar me no at politikarane vil bevilga meir pengar slik at dette kan realiserast. Me foreldre vart veldig uroa over nyheita om at forhandlingane om oppveksttunet no er avlyste.

Å sikra skule og barnhage i bygda vår i framtida er veldig viktig for å holda på barnefamiliane som bur der, og sjølvsagt

óg viktig med tanke på tilflytting. Dei siste åra har fleire barnefamiliar, utan tilknyting flytta til Stamnes, det trur eg ikkje dei hadde gjort om ikkje me hadde skule og barnehage. Dette tilbodet var sjølvsagt óg ein viktig faktor når eg sjølv tok valet om å flytta tilbake til bygda mi.

Viljen til å få realisert oppveksttun på Stamnes er no så stor at fleire av foreldra har sagt at dei vil bidra med dugnad om det skulle vere nødvendig. Slike samarbeidsprosjekt har stamnesbygda vist seg god til tidlegare, seinast ved oppussing og oppstart av ny butikk.

Me på Stamnes er opne for forslag til korleis me kan få dette til, og me er villige til å strekka oss langt i prosessen.

Spørsmålet mitt til dykk her i dag blir derfor. Korleis kan me i lag få dette til? Takk!